



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Evalueringsrapport: Kraftig snøfall i Rogaland 12. – 15. desember 2012

Bakgrunn for rapporten er at delar av Rogaland blei ramma av kraftig snøfall i kombinasjon med sterk austleg vind. Vêrtilhøva førte til at mange kommunar, eigarar av kritisk infrastruktur og redningsetatar fekk uvanlige utfordringar.

2. april 2013

Innleiing

Vêrforholda i perioden 12-15. desember 2012 førte til at mange kommunar, eigarar av kritisk infrastruktur og redningsetatar fekk uvanlige utfordringar. Først mykje snø og sidan kraftig vind gjorde vegane uframkomelege og Jærbanen blei stengd. Det var fleire straumbrot og naudetatane hadde problem med å ta seg fram. For kommunane var det dei pleietrengande som bur heime som var mest vanskeleg å handtere.

Dei alvorlegaste konsekvensane av uvêret var at 500 bilar sto fast på E39 mellom Skurve og Vikeså i over 16 timar, at nattoget mellom Oslo og Stavanger sto fast på Vigrestad med over 200 passasjerar og at Forsand kommune var utan straum ein heil dag.

Fylkesmannen tok initiativ til ei evaluering av denne hendinga. 18. desember 2012 sende vi brev til kommunane som var mest råka, Statens Vegvesen, Rogaland politidistrikt, Helse Stavanger, Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS, Lyse Energi, Jernbanelverket, Telenor, Rogaland sivilforsvarsdistrikt, NRK Rogaland, Meteorologisk institutt og FORF (frivillige organisasjonar). Alle blei bedt om å sende inn evalueringsrapportar etter vedlagt mal. Dei blei og inviterte til eit evalueringsmøte 31. januar 2013. Denne evalueringsrapporten er laga på bakgrunn av rapportane som blei sende inn. I tillegg har vi tatt med noko av det som kom fram i presentasjonane, diskusjonane og oppsummeringa på evalueringsmøtet.

1. Varsling

Det kraftige snøfallet og den sterke vinden blei ikkje varsla som ekstremvêr. Meteorologisk institutt (Met) vurderte å sende ut ekstremvarsel fleire gonger før den sterke vinden kom om kvelden fredag 14. desember. I staden sende dei eit "obs-varsel".

Det ikkje blei send ut ekstremvêrvarsel fordi verken nedbørsmengda den 12.-13. desember, vinden den 14.-15. desember eller storleiken på området som blei ramma var innafor dei kriteriana som gir ekstremvêr. Det må vere 90-140 mm nedbør på 24 timar på Vestlandet før det reknast som ekstremt. Det blei berre målt opptil 55 mm nedbør (snø). Middelvind må vere sterk storm (28-33 m/s) for å vere ekstrem. Observert middelvind var opptil full storm på Eigerøy. Skader og offisielle observasjonar frå Hordaland viser at det har vore sterkare vind lokalt. Fleire uoffisielle målepunkt i Rogaland, både private og av Jernbanelverket, støtter dette. For å sende ut varsel om ekstreme vêrforhold må det vere sannsynleg at vêret gir omfattande skadar, eller det er fare for liv og verdiar i eit større område (fylke/landsdel). Meteorologisk institutt ønskjer fleire målepunkt for sterk austleg vind i Rogaland. Dette var likevel ikkje avgjerande for vurderinga av vinden i denne situasjonen.

Det ligg i planane for ekstreme vêrforhold at kombinasjonen av fleire faktorar, som til dømes vind og snø, kan føre til ekstremvêr. Dette sjølv om faktorane kvar for seg er under grensa for ekstremvêr. Dette blei vurdert av Met som konkluderte med å ikkje sende ekstremvarsel. Sett i etterkant skriv Met i sin evalueringsrapport av 20. januar 2013 at ekstremvarsel for kombinasjonen sterk vind og snøfokk burde vore send. Vidare nemner dei at erfaringa frå denne hendinga viser at det er nødvendig å sjå nærmare på ekstremvêrkriteriana for kombinasjonen sterk vind og snøfokk.

Fylkesmannen abonnerer ikkje på obs-varsel frå Met. Årsaka til dette er mengda av slike varsel. Det er berre nokre få som er relevante for Rogaland. Kommunane blei derfor ikkje varsla på annan måte enn ved dei vanlege vêrmeldingane som kom i media. Fylkesmannen

visste og berre om vêret gjennom dei ordinære vêrmeldingane. Det var først da Time kommune tok kontakt, på føremiddagen torsdag 13. desember, at Fylkesmannen forsto alvoret i situasjonen. Time informerte om at dei hadde etablert kommunal kriseleiing. Vi kontakta da alle kommunane for å få inn situasjonsrapportar for å få oversikt over situasjonen. Tilbakemeldinga frå kommunane gjorde at vi oppretta kontakt med Vêrvarslinga på Vestlandet. Vi hadde kontakt fleire gonger i perioden 13-14. desember for å få oppdateringar og utfyllande informasjon om vêret. Dette blei send vidare til kommunane og andre aktørar både 13. og 14. desember.

Statens Vegvesen, Jernbaneverket og Lyse Elnett abonnerer på utvida vêrtjenester frå Met. Sjølv om ekstremvarsel ikkje blei send var desse etatane merksame på at det var meldt mykje snø og sterk vind som kunne vere utfordrande.

AMK-sentralen på Stavanger Universitetssjukehuset (SUS) fekk informasjon om vêret av kommunane og gjennom media.

2. Førebuande tiltak

Nokre kommunar nemner at dei gjorde førebuaende tiltak. Dei tok kontakt med nettleverandør, sette i gong tiltak for å sikre bemanning i helse- og sosialtenesta, gjekk gjennom rutinar for omsorgstenesta og rutinar for snøbrøyting. Dei tok og kontakt med eksterne organisasjonar for lån av utstyr. Klepp kommune hadde møte i utvida kriseleiing med lensmann og brannvesen. Det er likevel stor forskjell på kva førebuaende tiltak den einskilde kommune gjorde.

Statens Vegvesen etablerte såkalla ”forsterka byggherberedskap”. Det blei lagd vaktlister for dagane framover og oppretta kontakt med entreprenør og driftsoperatørane. Det blei sendt ut pressemeldingar om forventa vanskelege køyreforhold og Rogaland fylkeskommune blei varsla.

Rogaland politidistrikt var merksam på at fleire verksemder hadde auka sin beredskap gjennom interne diskusjonar med Operasjonssentralen. Det var tilfeldigvis eit planlagt møte i LRS hos Siviltforsvaret i Vagleiren 14. desember der naudetatane fekk eit felles situasjonsbilete. På oppmoding frå dei frivillige organisasjonane (FORF) blei snøskutarar blei sett i ekstra beredskap på Jæren.

SUS var budd på å styrke bemanninga ved AMK-sentralen og forsterka sin ambulanseberedskap på Sandnes og Bryne. Dei tok kontakt med aktuelle kommunar for å samordne innsatsen og innhenta kontakttelefonnummer ved behov for brøyting i samband med ambulanseoppdrag. Det var og kontakt med dei frivillige organisasjonane om snøskutarar.

Brannvesenet gjorde klar nødvendige utrykkingskøyretøy med kjettingar.

Lyse etablerte sin beredskapsstab og gjorde ei rekke førebuaende tiltak. Det minst populære var å flytte julebordet som skulle vere den 14. desember til etter nyttår.

Jernbaneverket var tidleg merksam på at det ville komme mykje snø. Allereie den 11. desember kom eit brøytelokomotiv frå Austlandet til Kristiansand for å vere i beredskap. Dei tok kontakt med CargoNet på Ganddal godsterminal for bruk av deira store lokomotiv og sette opp ekstraordinær turnus for eigne tilsette denne helga.

Beredskapen til Telenor blir leia frå Oslo/Fornebu. Den operative beredskapsleiaren i Oslo bestemte fleire førebuande tiltak i samråd med dei regionale Telenor-representantar som sit i fylkesberedskapsråda i Rogaland og Agder. Både Jernbaneverket og Telenor trudde i starten at snøvêret i hovudsak ville ramma Agder.

Sivilforsvaret hadde fokus på gjere klar eigen leir (Vagleleiren). Snøbrøyting var derfor ei prioritert oppgåve, og tilsette overnatta i leiren i to netter for ha nødvendig beredskap.

Fleire kommunar og etatar tok kontakt med dei frivillige organisasjonane torsdag 13. desember med spørsmål snøskutarar. Dei tok sjølv initiativ til å flytte snøskutarane sine frå fjellet til Jæren for å ha nødvendig beredskap. Politiet blei informert.

Fylkesmannen gjorde ikkje nokon førebuande tiltak.

3. Planar og kriseorganisasjon

Alle kommunane gir tilbakemelding om at medlemmene av den kommunale kriseleiinga hadde tett kontak, men det var berre Time og Sandnes som etablerte kommunal krisestab. I Klepp hadde krisestaben eit møte dagen før hendinga. Gjesdal kommune hadde og møte der kriseleiinga var samla. Sandnes og Bjerkreim skriv at hendinga ga gode erfaringar som dei vil bruke til å gjere beredskapsplanane betre. Time skriv at kriseleiinga i større grad skulle tatt i bruk interne støttetjenestar for å frigjere kapasitet til meir strategisk leiing. Dei nemner også dei burde varsle internt om at krisestaben var etablert

Statens Vegvesen sette krisestab. Dei er nøgde med korleis planverk og eigen beredskapsorganisasjon fungerte.

Rogaland politidistrikt sette ikkje stab, men ass. stabssjef og informasjonseininga var involvert i nokre timar. Dei er nøgde med samvirket med andre aktørar, men vedgår at dei kunne vore tydelegare i forventningane til dei frivillige organisasjonane. Dei frivillige fekk oppmodingar direkte frå fleire aktørar og publikum. Dersom politiet hadde sett stab og innsatsleiing ville dette vore enklare for dei frivillige organisasjonane.

Helse Stavanger etablerte ikkje beredskapsleiinga, men leiinga snakka saman på telefon to gonger (12. og 14. desember). Beredskapsplanane fungerte godt. Dei er nøgde med samhandlinga mellom ambulansenesta og kommunane. Det same gjeld samhandlinga med politiet. Helse Stavanger trekk likevel fram at beredskapsplanane til kommunane og SUS ikkje er tilstrekkeleg samordna.

Brannvesenet sette ikkje krisestab og hadde ikkje behov for å samordna eigen beredskapsplan mot andre. Dei skriv likevel at dei må vurdere å lage ein beredskapsplan som inneheld alle typar ekstremvêr.

Lyse sette krisestab tidleg og etablerte kontak med dei andre aktuelle nettselskapa (KBO-einingane) i regionen. Dei er godt nøgd med eigen beredskapsplan og samhandlinga med Fylkesmannen og andre aktørar. Det er likevel nokre punkt i beredskapsplanen som dei vil sjå nærare på i ettertid.

Jernbaneverket sette ikkje krisestab. Beredskapsplanen fungerte, men den vil likevel bli evaluert med bakgrunn i hendinga.

Telenor sette ikkje krisestab. Dei har jobba mykje med beredskapsplanen etter ekstremvêret Dagmar. Denne planen blir følgd og førebyggjande tiltak blir sett i verk ved moglege hendingar.

Fylkesmannen hadde ikkje full krisestab. Frå vi blei merksame på konsekvensane av hendinga 13. desember til natt til 15. desember følgde to-tre personar i beredskapslaget hendinga. Dei var i tett kontakt med embetsleiinga og kommunikasjonssjefen. I tillegg var det kontakt internt med utdannings- og helse- og sosialavdelinga. Beredskapen blei oppretthaldt etter arbeidstid fredag 14. desember og to personar var på jobb laurdag 15. desember.

4. Samordning og koordinering

Kommunane hadde til dels ulike utfordringar med snøvêret og den sterke vinden. Det varierer derfor kven dei hadde kontakt med. Gjesdal og Bjerkreim hadde mest fokus på E-39 som blei stengd. Resultatet var at fleire hundre bilar blei innestengde. Desse to kommunane hadde mest kontakt med politiet, frivillige organisasjonar, Statens Vegvesen og vegentreprenøren. Bjerkreim meiner og at kontakten mellom ambulansenesta og kommunal legevakt var viktig. Gjesdal er nøgd med samhandlinga både internt i kommunen og mot eksterne aktørar. Bjerkreim er ikkje like nøgd. Dei fekk ikkje informasjon om at bilane som ikkje kom fram på E-39 mot Gjesdal fekk ordre om å snu og køyre tilbake til Vikeså. Ikkje før vêret var betre fekk dei vite at politiet vurderte å bruke samfunnshuset og Bjerkreimhallen til innkvartering av sjåførar og passasjerar. Time, Klepp, Sandnes og Hå hadde i hovudsak samordning mot eigne driftseiningar. Alle dei fire kommunane trekk fram politiet som ein viktig aktør. Time og Sandnes hadde eit særskilt fokus på informasjon. Klepp trekk fram brannvesenet, Time trekk fram Sivilforsvaret og Fylkesmannen og Hå trekk fram NSB og Raudekrossen av kontakt med eksterne aktørar. Time skriv av heimetenesta opplevde at sjukehuset ikkje forsto alvoret i situasjonen i forhold til utskriving av pasientar. Det hadde nok samanheng med at vêret var så ulikt i Stavanger og i Time, og sjukehuset ikkje såg kva problem Time hadde med å oppretthalde sine tenester. I Forsand skapte manglande straum dei største utfordringane, og kommunen hadde mest med Forsand El-verk og Lyse å gjere.

Kommunane har takla vêret mest med eigne ressursar. Dei har improvisert for å finne gode løysingar. Det er tydeleg at kommunane sette pris på dei ressursane som dei frivillige organisasjonane kunne bidra med.

Statens Vegvesen hadde mest kontakt med politiet. Dei kontakta lensmannskontoret i Gjesdal for å samordne innsatsen på E-39. Vegvesenet etablerte eit overordna situasjonsbilete, men sakna eit totalt situasjonsbilete på tvers av dei involverte. Dei stiller spørsmål om fylkesberedskapsrådet burde vore kalla inn.

Politiet hadde mest kontakt med den kollektive redningsleiinga, ulike bergingsselskap, vegentreprenøren (Risa), Jernbaneverket og kommunane.

Helse Stavanger brukte AMK sentralen som knutepunkt for sin eksterne kontakt. Dei hadde mest med kommunane og politiet å gjere. Det avgjerande var å komme fram på vegane med ambulanse. Derfor var det viktig å etablere kontakt mot dei som styrte brøytinga i kommunane.

Brannvesenet hadde og fokus på komme seg fram på vegane for utrykkingskøyretøy. Sandnes kommune kontakta brannvesenet med informasjon om korleis dei kunne få direkte kontakt med brøytebilane.

Lyse hadde mest kontakt med dei andre nettselskapa i regionen, NVE, Fylkesmannen, Statens Vegvesen og politiet. Dei er nøgde med samhandlinga. Dei hadde problem med å ta seg fram til nokre område. Dette førte til lengre reparasjonstid. Dei hadde og kontakt med Statens Vegvesen om prioritering av brøyting dersom det blei nødvendig.

Jernbaneverket hadde kontakt med politiet i samband med nattoget som sto fast mellom Vigrestad og Varhaug. De er nøgde med korleis samhandlinga var. Dei trekk fram god kontakt med Raudekrossen.

Telenor hadde kontakt med kraftselskapa, eigne entreprenørar og eigne representantar i fylkesberedskapsråda. Moglege konsekvensar lokalt blei vurderte i samtalar mellom operasjonsleiar (på Fornebu) og regional representant i Rogaland. Førebuande tiltak blei gjort.

Dei frivillige organisasjonane fekk i starten mange oppmodingar om bistand direkte og måtte sjølv prioritere bruken av ressursar. Dei kontakta politiet for å be dei ta imot oppmodingar om hjelp og å prioritere denne hjelpa.

Fylkesmannen hadde kontakt med kommunane og dei aktuelle etatane i heile perioden. Dette for å få eit situasjonsbilete og for å samordne. Vi rapporterte dagleg til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap.

5. Kommunikasjon

Det ser ut som Sandnes, Time og delvis Gjesdal, Hå og Forsand hadde størst fokus på informasjonshandtering. Desse kommunane brukte kommunen sine nettsider aktivt. Sandnes og Time var i tillegg aktive på sosiale media og Gjesdal opna sentralbordet sitt laurdag 14. desember. Sandnes hadde ekstra svarteneste for innbyggjarane den helga. Forsand var utan straum og kunne derfor ikkje bruke nettsidene. Kommunen var aktiv på sosiale medier (Facebook). I tillegg blei profilen til ordføraren brukt til å kommunisere med innbyggjarane. Klepp og Bjerkreim var mindre aktive. Dette må sjølvsagt sjåast i samanheng med korleis situasjonen var i den einskilde kommune.

Statens Vegvesen informerte via vegmeldingssentralen og media. Dei sende tidleg ut pressemeldingar om vanskelege køyretilhøve og brukte aktivt sosiale media. Dei ser i ettertid at dei ikkje nådde fram med informasjon til utanlandske sjåførar.

Politiet er nøgd med eiga informasjonshandtering utan at dette er utdjupa nærare.

Helse Stavanger er og nøgd, men skriv at dei raskt ville hatt knapt med informasjonsressursar viss hendinga hadde større omfang.

Informasjonsavdelinga i Lyse blei fortløpande orientert om situasjonen, men det var ikkje mange som tok kontakt. Dei sende fleire tekstmeldingar på mobiltelefon (SMS) internt i organisasjonen med viktig informasjon. SMS blei dessutan brukt for å kartlegge kven av dei tilsette som kunne kallast inn ved behov. Lyse skriv at det var god dialog med Fylkesmannen.

Jernbaneverket har eit eige samband langs jernbanen som heter GSMR- nett som blir brukt til intern kommunikasjon. Det går ikkje fram om dei brukte nettsidene sine eller hadde direkte kommunikasjon med media og omverda.

Telenor si kommunikasjonsteneste er sentralt plassert på hovudkontoret i Oslo. Dei blei varsla og skal mellom anna handtere mediekontakt og sosiale media avhengig av kor stor hending er. Det var ikkje nødvendig med særlege informasjonstiltak denne gong.

Fylkesmannen la både ut informasjon om status og sin rolle på nettsidene. Kriseinfo.no tok tidleg kontakt for å informere om at dei hadde lenka seg opp til Fylkesmannen, nettstaden til kommunane og nettstaden til eit utval av etatar i regionen. Fylkesmannen overvaka og desse nettstadene for å halde seg oppdatert.

6. Prioritering av tenester

Kommunane prioriterte mottakarar av nødvendig helsehjelp. Dette blei gjort av den einskilde fagavdeling og i nokre kommunar i samarbeid med kriseleiinga. Hå og Time hadde i tillegg særleg merksemd retta mot tryggleiken til barn og unge (skular og barnehagar). Forsand fokuserte mest på straumforsyninga og kva konsekvensar straumbrotet førte til. Alle kommunane hadde eit stort fokus på å få rydda vegane for snø. Det ser ut som det er eit tydeleg veghierarki der riksvegar og fylkesvegar har prioritet, og der kommunale blindvegar med liten trafikk kjem sist. Likevel hadde fleire kommunar kontakt med brannvesen og ambulansetenesta dersom det blei behov for å prioritere om.

Statens Vegvesen måtte prioritere dei største og viktigaste vegane som E39, Fv 44 og viktige tverrgående vegar.

Helse Stavanger prioriterte å få på plass ein beredskap for brøyting dersom ambulansar måtte rykka ut.

Lyse prioriterte feilretting fortløpande og arbeidde parallelt med fleire rettingar. Det var og feil på overordna nettverk. Ressursar blei flytta dit utan at det hadde innverknad på framdrifta til dei andre rettingane.

Jernbaneverket etablerte ulike beredskapsnivå. Farten på Jærbanen blei sett ned fleire gonger og det blei sett inn brøytelokomotiv.

7. Klarte ein å halde oppe normal tenesteproduksjon?

Kommunane opplyser at kommunal tenesteproduksjon var på eit akseptabelt nivå sett i samanheng med dei ekstraordinære vêrtilhøva. At oppdrag blir avlyst og folk må vente blir i slike situasjonar akseptert av folk flest. Time og delvis Hå hadde særlege utfordringar med mykje snø på taka til kommunale bygningar. Dei valde å stenge mange skular, barnehagar og idrettshallar. Manglande snøbrøyting på fylkeskommunale vegar forsinka snøbrøytinga på kommunale vegar.

Statens Vegvesen meiner dei klarte å oppretthalde tenesteproduksjonen på ein bra måte. Politiet auka bemanninga på operasjonssentralen og er rimeleg nøgde med korleis publikum blei handtert. Dei vedgår likevel at mannskapet ute i felten kunne vore auka meir, men vanskelege køyretilhøve gjorde det utfordrande.

Helse Stavanger hadde problem med å oppretthalde ambulansetenesta. Helikopteret til luftambulansen var ikkje operativt på grunn av vêrtilhøva. Sea King var på oppdrag i Nordsjøen ein av dagane og Stavanger universitetssjukehus var derfor utan ambulanshelikopter i fleire timar. Det er ein eigen beredskap i slike tilhøve som blir etablert. Eigersund sjukehus blei gjort klart til å ta i mot fleire pasientar enn normalt.

Brannvesenet klarte å oppretthalde ein tilfredsstillande tenesteproduksjon.

På bakgrunn av talet på meter med kraftlinjer som Lyse har var det lite feil. Dei er derfor nøgde med eigen tenesteproduksjon. Lyse brukte lengre tid på rette feila enn vanleg fordi dei ikkje dei aktuelle vegane ikkje var brøyta. Dette hadde dei forståing for.

Jernbaneverket klarte ikkje oppretthalde sitt tenestetilbod. Mange tog blei innstilte, og fleire tog køyrde med redusert fart.

Dei ekstraordinære vêrtilhøva førte til få feil for Telenor. Desse blei løyste på vanleg måte.

8. Konsekvensar av hendinga ?

Det har ikkje vore nokre særlege konsekvensar for kommunane, sett bort frå økonomiske konsekvensar i samband med overtid, brøytebudsjett og øydelagt brøyteutstyr. Det oppsto heldigvis ingen akutte kritiske situasjonar. I Klepp var det eit beinbrot der det måtte brøytast for å få fram ambulansen. I Forsand falt ei 132 KV linje over ei lokal 11 kV linje. Dette førte først til brann i trafo og eit hus, sidan forsvann straumen i heile Forsand. I følgje Lyse var straumen og borte over lengre tid (18 timar) i ein liten del av Gjesdal kommune.

Jernbaneverket skriv at det ikkje er akseptabelt at nattorget står fast så lenge.

9. Oppsummering

Gjesdal har fått bekrefta at samarbeidet internt i kommunen og med ulike eksterne aktørar fungerer godt. Folk er villige til å ta eit ekstra tak når situasjonen krev det.

Bjerkreim ønskjer å betre kontakten med Raudekrossen, Statens Vegvesen og politiet når det gjeld kontaktinformasjon og ressursoversikter. Dei vil og oppdatere sin beredskapsplan. Etter hendinga har dei både bestilt naudstraumsaggregat til kriseleiinga på rådhuset og til legekantoret på Vikeså. I tillegg har dei tinga tre satellittelefonar til beredskapsleiinga og omsorgstenesta. Det var ein god ide frå omsorgstenesta å legge til rette for multidosepakningar med medisin slik at brukarane kunne klare seg i fleire døgn.

Klepp har sett behovet for å ha køyretøy med firehjulstrekk under slike køyretilhøve.

Time har lært at dei må vere tydelegare internt om at kriseleiinga er etablert og at støttefunksjonane til kriseleiinga og blir etablert. Dei vil vurdere brøyteberedskapen på ny og bli flinkare til å legge ut informasjon om kva vegar som har brøyteprioritet på deira nettsider. Dei vil sikre at bilane i omsorgstenesta er klare for transport når det er store snømengder. I oppvekstsektoren vil dei avklare korleis måking skal skje før situasjonen oppstår. Dei vil raskare styrke bemanninga av sentralboret ved ekstraordinære situasjonar. Dei er særleg nøgd med at dei nådde ut til publikum, mellom anna ved bruk av sosiale medi. I tillegg trekk dei fram at det var viktig å kople brøytemannskapa tett opp til heimetenesta.

Hå har fått stadfesta at ein viktig suksessfaktor er at ansvar er delegert til lågaste nivå. Vidare at det er viktig at kommunen har oversikt over kva eksterne aktørar som kan hjelpe og kva ressursar dei har.

Forsand vil gå gjennom varslingsrutinane internt og vurdere på ny korleis dei skal kommunisere og informere. Dei er nøgde med samhandlinga med Forsand Elverk, Forsand brannvesen og mellom ulike interne seksjonar.

Statens Vegvesen ser i ettertid at kanskje burde kriseleiinga ha etablert seg enda tidlegare (enn fredag 13. desember kl. 23.30). Samhandlinga internt mellom byggherre og kontrolleringa kan utviklast vidare. Dei ønskjer og å lære meir om organiseringa til politiet (operasjonssentral mot lensmannskontor), og dei må finne ein betre måte å få ut informasjon til utanlandske sjåførar. Det meiner god førebuing gjorde at dei var godt budde på situasjonen.

Politiet oppsummerar at dei burde ha sett stab, auka bemanninga og lagt ein plan saman med dei andre samvirkeaktørane. Hendinga avdekka at dei ikkje har gode alternativ for å ta seg fram når det er mykje snø. Politiet er gode på å improvisere, er løysingsorienterte og har medarbeidarar med lang erfaring i å handtere ekstraordnære situasjonar i lag med andre.

Helse Stavanger presiserer at det må vere god kommunikasjon mellom involverte aktørar og rask oppdatering av situasjonsbiletet. Dei har erfart at ambulanspersonalet ikkje er godt nok rusta for slike tilhøve.

Brannvesenet har lært at dei bør ha lage avtalte rutinar for samhandling på førehand med aktuelle aktørar under slike særskilde situasjonar.

Lyse meiner kommunikasjonen fungerte mellom dei ulike aktørane. Dei kunne sjølv vore meir aktive under hendinga, men sidan det ikkje var mange straumutfall blei det ikkje nødvendig å etablere full informasjonsberedskap. Dei er nøgde med eigen beredskap, men har funne nokre forbetningspunkt. Dei førebuande tiltaka som blei gjort før ekstremvêret kom, førte til at situasjonen blei handtert på ein god måte.

Jernbaneverket lærte at dei førebuingane og prioriteringane som blei gjort var avgjerande for at det var mogleg å ha trafikk på Jærbanen. Nattoget som sto fast skulle ikkje kjørt grunna den sterke vinden (prognosane sa 18-20 m/s – dei målte 30-35 m/s). Dei fann og ut at snøbrøytingsutstyret i regionen var gammalt. Det var godt samarbeid internt i Jernbaneverket og god vilje til å stå på for å gjere ein ekstra innsats. Dei skal og ha ei evaluering av hendinga saman med NSB og CargoNet.

Telenor er nøgd med eiga handtering og samhandling mot andre aktørar. Dei tar gjerne imot tilbakemeldingar om forslag til forbetningspunkt.

Sivilforsvaret har erfart at slike vêrforhold gir dei store utfordringar med å ta seg fram. Det blir å legge på kjettingar på kjøretøya. Det var spørsmål om ullteppe, lys, telt og varme, og mannskapa blei varsla. Det blei aldri behov for å levere. Snøbrøyting i leiren er ei utfordring. Det er eit stort areal å rydde, og rydding er avgjerande for å kunne hente ut utstyr.

Fylkesmannen ser i ettertid at vi kunne tatt initiativ til telefonmøte med dei aktuelle kommunane og etatane under hendinga for betre å kunne formidle situasjonsbiletet på tvers mellom kommunar og mellom kommunar og dei andre aktørane.

10. Avslutning og læring

Det er ingen tvil om at vêrforholda 12-15. desember 2012 var ekstreme sjølv om verken mengda snø eller vindstyrken kvar for seg oppfylte ekstremkriteria. Kombinasjonen av vind og snøfokk burde likevel ført til at ekstremvarsel blei sendt ut. Dette vedgår Meteorologisk institutt etter å ha vurdert konsekvensane i ettertid. Utsending av ekstremvarsel ville gjort Fylkesmannen meir merksam. Alternativt kunne Meteorologisk institutt sendt eit særskilt OBSvarsel til Fylkesmannen i Rogaland med utfyllande kommentarar. Fleire kommunar gjorde gode førebuingar utan ekstremvarsel, men eit varsel ville vist eit større alvor i situasjonen og ført til enda betre førebuingar.

Vêret førte ikkje til alvorlege situasjonar for liv og helse fordi det ikkje oppsto slike situasjonar medan vegane var uframkommelege.

Læringspunkt:

- Meteorologisk Institutt må vurdere å betre kriteria for å sende ut ekstremvarsel for kombinasjonsvêr. Meteorologen må i tvilstilfelle, i nærleiken av kriteria for ekstremvêr, kommunisere direkte med Fylkesmannen om vêrvarselet.
- Meteorologisk Institutt må vurdere om dei treng fleire målestader for vind i Rogaland. Det er ønskjeleg med fleire målestadar i område som er særleg utsett for sterk austavind.
- Fylkesmannen kan med fordel ha korte telefonmøte med utvalde aktørar for å lettare legge til rette for at aktørane kan snakke saman og har same situasjonsbilete
- Politiet bør ha lågare terskel for å sette stab når det er meldt utfordrande vêr. Det bør vere betre rutinar for korleis vêrmeldingar blir vurderte , mellom anna om det er nødvendig å auke bemanninga ute.
- Statens Vegvesen bør utvikle betre varsling om vanskelege køyretilhøve til utanlandske sjåførar.
- Statens Vegvesen ønskjer informasjon frå politiet om ansvarsdelinga mellom lensmannskontor og operasjonssentral. Dette heng saman med Bjerkreim kommune som ikkje fekk informasjon frå politiet om status for stenginga av E39. Køyretøya blei returnerte til Vikeså, og politiet vurderte å opne samfunnshus og idrettshall. Fylkesmannen meiner at det siste hadde vore ein god ide som kunne raskt blitt ordna av kommunen.
- Helse Stavanger bør samordne sin beredskapsplan for slike situasjonar med planane til kommunane.
- Helse Stavanger bør vurdere om ambulansemannskapa har god nok vinterutrusting.
- Kommunane blir oppmoda til å ha ein lågare terskel for å etablere krisestab. Fylkesmannen meiner at fleire enn dei som gjorde det, burde ha gjort det. Ved slike vêrforhold vil fleire ulike einingar i kommunane vere involverte i handteringa. Tenester som brøyting, heimehjelp, skular og barnehagar og informasjon til innbyggjarane treng koordinering og samordning. Det er heller ingen skade skjedd om kriseleiinga kjem fram til at hendinga etter kvart skal handterast på lågare nivå.